

## Adresseliste

**Dykkar ref:** **Vår ref:** **Sakshandsamar:** **Dato:**  
2018/661 - 4984/2018 Ivar Eriksen 51 96 38 14 05.10.2018

## Høyring av regional utviklingsplan for Helse Vest RHF

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt dei regionale helseføretaka oppdraget med å utarbeide regionale utviklingsplanar innan utgangen av 2018. Helse Vest RHF inviterer med dette til å komme med innspel til det vedlagde utkastet til regional utviklingsplan.


### Fakta og bakgrunn

Ein utviklingsplan skal peike på ønska utviklingsretning og kva tiltak som er nødvendige for å møte utfordringar i framtida. Strategiske og overordna føringar skal liggje til grunn for val av utviklingsretning for verksemda, og mål og tiltak bør ha ein planhorisont på fire og 10-15 år. Dei regionale utviklingsplanane vil òg inngå som grunnlag for og innspel til den kommande revisjon av nasjonal helse- og sjukehusplan.

Helse- og omsorgsdepartementet ønskjer at utviklingsplanane for alle helseføretaka skal ha ei likare utforming. Det er derfor utarbeidd ein rettleiar for arbeidet med utviklingsplanar. Rettleiaren gir følgjande definisjon på kva ein utviklingsplan er:

*Ein utviklingsplan er ein plan for korleis eit helseføretak vil utvikle si verksemd for å møte framtidig behov for helsetenester. Utviklingsplanen er ein samla plan som skal sørgje for at underliggjande planar støttar opp om eit overordna felles formål.*

Samanhengen mellom dei ulike plandokumenta og plannivåa er illustrert i figuren under.



Figur 1: Forholdet mellom Helse 2035-strategien, utviklingsplanen og andre føringar

### Noko meir om innhald og struktur

Det har vore eit mål å utarbeide ein konkret, oversiktlig og lettlest plan, med bakgrunn i Helse2035, dei lokale utviklingsplanane og andre underliggjande planar. Den regionale utviklingsplanen skal gi ei samla oversikt og bidra til operasjonalisering av strategien og dei underliggjande planane. Strukturen føl linjene frå den nasjonale retteliaren og bygger på Helse2035 og dei strategiske hovudtema frå denne.

Planen peiker på at spesialisthelsetenesta på Vestlandet står framfor store endringar og utfordringar, samstundes som tilgangen til ressursar òg blir langt strammare. Gjennom utviklingsplanen og tiltaka ein skal gjere, viser ein korleis ein kan finne fram til berekraftige løysingar og å utvikle pasienten si helseteneste saman med andre aktørar i sektoren.

### Prosess og gjennomføring

Den regionale utviklingsplanen som no er på høyring er utforma med utgangspunkt i dei nyleg vedtekne utviklingsplanane til dei lokale helseføretaka. Den regionale utviklingsplanen er samtidig ei konkretisering av den regionale Helse2035-strategien.

Prosessane som leia fram til Helse2035-strategien og den regionale utviklingsplanen for Helse Vest har vore omfattande og grundige med brei involvering og forankring. I strategiprosessen blei over 500 personar involverte og fekk komme med innspel. I tillegg blei det gjennomført ei brei høyringsrunde. I sum kom det inn over 1600 innspel. Innspela har danna store delar av grunnlaget for den regionale strategien og utviklingsplanen. Dei lokale helseføretaka har òg gjennomført omfattande prosessar med tanke på intern og ekstern forankring og involvering i arbeidet med utviklingsplanane, inkludert høyringar. Dei prosessane skal no ende ut i ein regional utviklingsplan.

### Innspel og vidare prosess

Vi ber høyringsinstansane særleg om innspel knytte til samhandling på tvers av faglege, organisatoriske og geografiske grenser, og korleis vi saman kan skape pasienten si helseteneste. Vi ber òg særleg om innspel til korleis vi kan løyse utfordringane knytte til berekraft og aukande behov for helsetenester blant innbyggjarane i regionen. Høyringssvara kan med fordel vere korte og presise i forma, og spissa inn mot dei viktigaste temaa for avsendaren.

Høyringssvar kan sendast til [helse@helse-vest.no](mailto:helse@helse-vest.no) med «Høyringssvar til regional utviklingsplan» og namn i emnefeltet. Avleverte høyringssvar er som hovudregel offentlege og kan bli publiserte på Helse Vest sine nettsider.

Høyringsfristen er sett til **torsdag 15. november 2018**. Det er lagt opp til å handsame utviklingsplanen i føretaksstyret 11. desember 2018.

Vi ser fram til å høyre meir frå dykk i høyringsrunden.

Helsing



Herlof Nilssen

administrerande direktør